



Etiske retningslinjer for Høgskulen i Volda,

Vedtekne av høgskulestyret 24. september 2009

Etiske retningslinjer

Formålet med etiske retningslinjer for tilsette ved Høgskulen i Volda er å skape ein god arbeidsplass og eit godt arbeids- og studiemiljø. Retningslinjene uttrykkjer forventningar til åtferd og haldningar hos dei tilsette, og er eit tillegg til dei formelle pliktene som går fram av lover, forskrifter, arbeidsavtalar og instruksar. Etiske retningslinjer er ikkje eit formelt regelverk. Dei kan aldri vere verken utfyllande, detaljerte eller presise for alle situasjonar, men dei lyfter fram viktige omsyn som grunnlag for refleksjon, etisk medvit og ansvar hos den enkelte. Dei er heller ikkje knytte til sanksjonar.

Høgskulen i Volda skal halde ein høg etisk standard i forskning, kunnskapsformidling, undervisning, saksbehandling og administrasjon. Kvalitet er eit overordna mål for verksemda, og alle tilsette har eit moralsk ansvar for å medverke til dette.

Høgskulen i Volda skal halde høgt verdiar som tillit, respekt, openheit og ærleg framferd.

Tillit inneber

- ein grunnleggjande lojalitet til høgskulens verdiar og mål
- at vedtak fatta av overordna organ blir sette i verk og følgde
- at kvar enkelt tilsett syter for å kjenne til og følgje lover og reglar om teieplikt, og slik tek vare på fortrulege opplysningar som ein får kjennskap til i arbeidet
- at tilsette ikkje tek imot gåver eller anna påskjøning ut over vanlege merksemdsgåver (t.d. blomster, ei bok, ei flaske vi e.l.), eller på annan måte utnyttar stillinga til personlege fordelar

Respekt inneber

- ei sørvisprega haldning overfor studentane
- ei imøtekomande haldning overfor dei ein møter som representant for høgskulen
- at tilsette unngår situasjonar og relasjonar som kan innebere maktmisbruk og uheldige forhold overfor studentar og kollegaer, t.d. seksuell trakassering
- at tilsette hjelper, oppmuntrar og støttar kvarandre, og viser gjensidig respekt, rausheit og omtanke

Openheit og ærleg framferd inneber

- at fagleg fridom blir halden høgt, og at tilsette blir oppmuntra til å delta i
- samfunnsdebatten
- at tilsette ved HVO er frie til å delta i debattar om høgskulens utvikling, internt og

- eksternt, og til å kritisere det dei meiner er kritikkverdig
- at kritikk mot medarbeidarar eller overordna først blir tatt opp med den kritikken gjeld
- at veikskapar og feil ikkje blir tildekte av omsyn til omdøme, men forbeta
- at varsling om handlingar eller hendingar som framstår som uetiske eller kritikkverdige, først skjer til overordna eller tillitsvald
- at lojalitetskonfliktar blir varsla umiddelbart, og at den tilsette trekkjer seg frå roller og situasjonar der det kan reisast spørsmål om habiliteten (som t.d. ved slektskap, nære relasjonar, dobbeltroller)
- at ingen gir eller tek imot fordelar på grunn av vennskap
- at tilsette informerer overordna om bistillingar og biarbeid, i pakt med vedtekne reglar om dette.

Lovverk:

Forvaltningslova, § 13: <http://lovdata.no/all/tl-19670210-000-003.html#13>

Tenestemannslova, § 20: <http://www.lovdata.no/all/tl-19830304-003-003.html#20>

Likestillingslova, § 8a: <http://lovdata.no/all/hl-19780609-045.html#8a>

<http://www.arbeidstilsynet.no/c26988/brosjyre/vis.html?tid=42252>

Forvaltningslova, kap. II: <http://lovdata.no/all/hl-19670210-000.html#map002>

<https://www.hivolda.no/neted/modules/archive/front/file.php?data=fc5c5cad594ae691d8e138b76b3bfc99>

Andre relevante dokument:

Etiske retningslinjer for statstenesta:

http://www.regjeringen.no/upload/kilde/mod/bro/2005/0001/ddd/pdfv/278340-etiske_retningslinjer_nynorsk.pdf

Lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova).

<http://www.lovdata.no/all/hl-20060519-016.html>

Lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskoleloven)

<http://www.lovdata.no/all/nl-20050401-015.html>

Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven)

<http://www.lovdata.no/all/nl-20050617-062.html>

Etiske krav i Offentlige Anskaffelser

<http://www.anskaffelser.no/dokumenter/etiske-krav-i-offentlige-anskaffelser>

Strategisk plan for HVO 2006-2010:

http://www.hivolda.no/neted/upload/attachment/site/group1/STRATEGISK_PLAN_2006.pdf